

Svara er gjevne av Rynning Madland, lærar, Sörbö, Rennesøy. Vilkåra for svara er frå Madland i gjestal, der eg er född og oppvaksen. Far min er född i 1875. Han er kvik og åndsfrisk, og minnast godt livet i barneåra. Ymist av det eg her kjem med, har eg frå han.

1. Isai heitte ein mann som i 1870-80-åra budde på Berge i Gjestal. Han var heiegjatar og kröterhandlar attåt at han dreiv garden på Berge. Om vārane var han i Sirdal og kjøpte kröter. Han heldt dei krötera gjævare som hadde fått skav, og gav meir for dei, 5-10 kr. Då Isai vart gamal og slutta kom A S Ålgård i staden. Han kjøpte gard på Bjelland i Gjestal, og budde der. Han hadde samee syn, som Isai, og fylgde same regel. Med dei feite, gode heiebeita, galdt det å föda gjennom vinteren så store buskapar som mogeleg. Då hende det nok, at det röynde på for mang ei ku, för ho nådde i vāren og beitet. När vāren var så langt framskriden, at gauken var komen, då var det verste stridt. Difor heitte det so m eit ordtak: "Den kjeme kje te höyra gaugjen." Det var so m ein dom over eit utsvelt dyr. Kyr som hadde fått skav, kom seg betre gjennom vårknipa.

2. Nei det höyrde eg aldri nemnt.

3. Ja, det var vanleg tru. Det galdt kalvar og griser. Men serleg galdt det lam. det var vanleg å setja på for stor buskap om hausten. Det vart for lite for. Så rekna folk med at det ville stryka med smolog. Då hadde dei gjerne ståande ei ku som ikkje fekk skav. Så gav dei lam som vart morlause mjölk av den. Lam tolde ikkje skavmjölk.

4. Det vart ikkje bruka noko visst mål. Det var vanleg å samle skavet opp i ei kipa. Skavkipa, kalla me den. Ho tok ein god tunnesekk. Me hadde 6 mjölkekyr og nokre ungdyr.

5. Skavljāen var ein avbroten langorvljā. (Omtala i fyrre brevet).

7677. I fyrre brevet er det fortalt om skavhālen. Den vart ikkje nytta til anna.

7. Det er ikkje kjent, at nokon kjøpte skavskog.
Men det hende jamt, at einkvan som ikkje hadde skavskog fekk hogga skav-ved hjå einkvav som hadde rikesleg. Det var berre år om anna, og vederlaget var mellom partane, ikkje noko n fast regel.

8. Skav-veden var gjævare enn annan ved. det var stor skil i så måte. Noko visst høve kjenner eg ikkje til vart ne mnt.

~~77777~~ .Ålmenning var det ikkje på mine kantar.

10. Rett hadde han ikkje. men så mykje skavskog som det var på Madland, så vart husmannen og hjelpt. Han fekk hogga snart hjå den eine og snart hjå den andre. Men han laut gjerne av åt dei verste utskjeklane.

11. Nei, skavhelle er ukjent. Det spørst om ikkje det er ein attgangar frå gamalnorsk hankyn nominativ eintal: madr, hestr, nivr. I Setesdal heiter det manne, heste, nive.

12. ----Eg veit at bestefar var overlag nøgje med det arbeidet. Det er mogeleg at den store varsemda kunne hanga saman med noko slikt lenger attover i tida. Men det er ikkje kjent at det skulle vera så.